

TOMT ROM: Barnerommet heime hjå Leif har stått tomt sidan sonen Anders flytta med politeskorte til mora i Sverige i 2007. I kampen om kvar Anders skulle bu, vart Leif skulda av mora for seksuelle overgrep mot sonen. – Eg ville heller

– VILLE HELLER VORE SKULDA



ha vorte skulda for massemord enn noko som dette, seier Leif.

FOR MASSEMORD

Falske skuldingar om seksuelle overgrep har skjedd i fleire barnefordelingssaker, viser forsking. Leif blei blankt frikjend av politi og rettsvesen, men kjenner seg likevel mistenkt.

tekst: HANS K. MJELVA, TROND NYGARD-STURE foto: JAN M. LILLEBØ

- **EG VART HEILT** lamslått. Klarte ikkje å bevege meg. Det kjendest som om nokon hadde trykt ein 400 kilos ryggsekk på meg. Eg veit ikkje kor lenge eg sat slik, men eg var vekke, rett og slett.

Framleis kan Leif hugse lukta på kontoret på Bryggen, der han ein aprildag i 2006 fekk ei melding som skulle endre livet hans for alltid.

Han var midt i ei barnefordelingssak, og var her for å møte ein sakkyndig retten hadde oppnemnd. Det var han som fortalte det, at Leif var meld til politiet for seksuelle overgrep mot den då seks år gamle sonen Anders.

På Tinghuset i Bergen ei knapp veke seinare gjentok mora påstanden om overgrep. Domstolen var kritisk. Mellom anna fordi ho endra påstanden om at faren skulle ha brukt å ta på sonen sin tiss til at han skulle ha brukt å slå tissen. Det er, skriv retten i dommen, «ikke i seg selv et utsagn om sek suelt misbruk».

Mora Tina hadde lete vere å sende gutten, som budde fast med faren, tilbake etter vinterferien. Retten gjekk langt i å antyde at overgrepspåstandane var noko mora hadde funne på for å få behalde guten, og viste mellom anna til at påstandane først oppstod etter at faren tok ut stemning for å få guten tilbake.

5. mai 2006 kom dommen, som konkluderte med at det ikkje var nokon risiko for Anders ved å flytte heim att til faren. Mora blei beden om å levere guten tilbake.

SKULDINGAR OM INCEST er ikkje heilt uvanleg i barnefordelingssaker i Noreg. Det viser ei undersøking leiar Kristin Skjørten på Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress har gjort av barnefordelingssaker som kom opp i lagmannsretten i åra 1998-2000: Retten tok stilling til påstandar om incest i 10 av dei 129 sakene, som galdt spørsmål om kvar

>>>



DEN BESTE: – Anders skreiv dette dagen før han vart henta til Sverige, seier Leif om tavla som framleis heng på barnerommet med meldinga «du er den beste pappan eg vet om». Då var Anders sju år gammal. I dag er han elleve, og har

barnet skulle bu. Kor mange saker som blir avgjort i lågare rettsinstansar, er ikkje kartlagt.

– Alle dei ti sakene blei vurderte av lagmannsretten slik at ein ikkje kunne leggje til grunn at overgrepene hadde skjedd, seier ho.

I alle sakene var det fedrane som blei skulda for overgrep. Halvparten av sakene enda med at ungane fekk bustad hjå fedrane, den andre halvparten hjå mødrene.

– Det var altså andre moment som avgjorde sakene, seier Skjørten.

FOR LEIF GAV frifinninga i Midhordland tingrett ei kortvarig glede. For i samtalar med ein sosialsekretær i barnevernet i den svenske småbyen der mor Tina budde, hadde ho kome med nye påstandar om overgrep, som sonen òg fortalte om. Leif skulle ha stappa ein 10 centimeter lang og 3-4 centimeter brei stein opp i rumpa på Anders.

Dei sende guten til legekontroll, men legen fann ikkje spor etter det påstårte overgrepet. Ut frå sakspapira er det likevel tydeleg at dei to saksbehandlarane i Sverige, ein psykoterapeut i Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og sosialsekretæren i barnevernet, var overtydde om at overgrepa var reelle.

Fram til barnefordelingssaka kom opp i Kammarrätten i Sverige i byrjinga av juni, hadde dei om lag ti samtalar med Anders, der overgrepa ut frå referata var tema kvar gong. Leif hyra inn dosent i rettspsykologi, Nils Wiklund, som har skrive fleire bøker om vitnepsykologi. I sin rapport, som kom seinare i juni, kritiserer han saksbehandlarane for manglande kompetanse og for å ha påverka både Anders og mora til å tru at overgrepa var reelle.

Wiklund meiner referata frå samtalane med Anders viser at dei to saksbehandlarane allereie frå byrjinga bestemte seg for å tru at det hadde skjedd overgrep, og at dei gjennom dei gjentakande intervjuva påverka Anders til å tru på det same. Han meiner òg at det Anders sa faren skulle ha gjort, var så absurd at det ikkje tilfredsstiller krav om reelle minnebilete, og at dei bar preg av «grenselause forhørsfantasier».

Tinas advokat har seinare avvist analysen ved å vise til at Wiklund ikkje sjølv snakka med Anders og at han skal være kjend for å støtte menn i barnefordelingssaker. Advokaten og Tina sjølv ønskjer ikkje å kommentere saka ut over det som står i sakspapira.

NÅR DOMMEN FRÅ Kammerrätten kjem 7. juni 2006, vinn Leif igjen, og domstolen er kritisk til undersøkingane til dei to saksbehandlarane (dette var før Wiklund la fram sitt syn).

Mellan anna fortel BUP-psykoterapeuten i retten at det som var med på å overtyde henne om at Anders snakka sant om overgrepa i april, var at han plukka ut ein leikeapekatt blant andre dokker på kontoret henar. Apen er, forklarte ho, symbol på seksualitet.

Meir grunnleggjande viste domstolen til at dei to intervjuva Anders saman med mora, eller med utgangspunkt i opplysningsar for mora.

«Anders utsagor om förhållandena i hemmet i Norge måste mot denna bakgrund anses ha ett lågt bevisvärde,» skriv retten. Tina blir dømt til å overlevera Anders til faren.

Men allereie under rettssaka seier sosialsekretæren at dei vil overta omsorga for Anders viss faren vinn saka. Og det gjer dei. 21. juni, dagen før Anders ifølgje dommen skulle blitt overlevert Leif, blir Anders og

mora sendt på ein behandlingsinstitusjon.

PÅ POLITIHUSET i Bergen sit no sju år gamle Anders og pratar med ei politikvinne. Det er november 2006. Knapt to månader tidlegare henta Leif Anders tilbake frå Sverige. Politiet i Noreg hadde lagt bort overgreps-saka mot Leif etter «bevisets stilling». Leif har anka. Han vil reinvaske seg. Så no sit Anders i dommaravhøy.

I rommet på politihuset blir Anders opptatt av videokameraet. Politikvinna har kome inn på dei vanlige spørsmåla.

– Kan du prøve, Anders, å fortelle meg ka du fortalte i Sverige?

– Ehmmem.

– ... til de voksn?

– at ... ehm ... jeg ... ville ... ver hos mamma ... og så sa jeg en ting ... at pappa tok sten i rumpen og alt.

– Hmm, at pappa tok sten i rumpen?

– Men han gjorde ikke det, eg bare sa det for å ver i Sverige.


Samtalen mellom dei to held fram, og etter kvart fortel Anders at det heller ikkje var sant at faren hadde tatt han på tissen. Etter ei stund fortel han òg noko anna:

– og så trodde jeg på det (...) mange som pratet om det ...

– Du trodde på det for det var så mange som pratet om det?

– Uhum.

Tinas advokat er kritisk til dommaravhøret, og påpekar at Anders si fokusering på kven som ser på, kan tyde på at han no svarar slik han veit faren vil han skal svare. Men det festar statsadvokaten ikkje lit



nok vakse frå dei få leikene som ligg att i huset til faren.

til. Han legg bort saka mot Leif som «intet straffbart forhold er funnet bevist». Det vil ifølgje retningslinjene for bortleggingar seie at «bevisene med særlig styrke taler mot at det er begått en straffbar handling».

NÅR SPØRSMÅLET om kvar Anders skal bu nok ein gong kjem opp for retten, denne gong Nordhordland tingrett i januar 2007, taper likevel Leif. Retten følger den eine sakkyndige, som meiner Leif har påført Anders store trauma og vist seg dårlig skikka til å ha guten.

Hovudårsaken er at Leif i september 2006 henta Anders medan han var ute og gjekk tur med mormora i den lille svenske småbyen dei budde i. Tina ville ikkje følgje domstolane, som òg hadde dømt det svenske barnevernets omsorgsovertaking for ugyldig. Svenske styresmakter viste ingen teikn til å hente guten med makt, så Leif tok makta i eigne hender.

Anders hadde store problem månadene etter han kom tilbake til Noreg, så store at skulen måtte melde saka til barnevernet. Den sakkyndige meinte problema mellom anna skuldast hentinga, medan Leif og hans sakkyndige meinte at problema var påført av mora fordi ho utsette guten for eit umåteleg press, mellom anna ved å få han til å framføre falske overgrepståstandar.

I FEBRUAR 2007 kjem politiet og hentar Anders på skulen han går på i farens heimkommune. Han blir frakta tilbake til mora i Sverige med politieskorte, og er blitt der sidan. Trass i at Leif er frifunnen for overgrepståstandane, blei likevel påstandane brukt mot han då det trakk mot ei ny rettssak om omsorgsretten i fjor haust. Tina kravde å få eineomsorg for sonen, og bruk-

fakta

- Alle namn i artikkelen er fiktive. Artikkelen er basert på rettsdokument, inkludert rapportar frå sakkyndige, dommaravhør, journalar, referat og rapportar frå tilsette i BUP, Sosialstyrelsen og Familjerätten i Sverige.
- I tillegg har vi intervjua Leif for å få hans subjektive oppfatning av saka. Vi har òg tala med Tina og hennar advokat, men dei ønsker ikkje å kommentere saka.
- ANDRE KJELDER: NOU 2000:33, Svein Magnussen «Vitnepsykologi. Pålitelighet og troverdigheit i dagligliv og rettssal» (Abstrakt forlag 2004), Adresseavisen, Aftenposten, Wikipedia og barnehuset.com

te mellom anna påstandane om overgrep mot Leif.

Retten oppnemnde ein skulerådgjevar i den inter-kommunale Familjrätten i Tinas heimdistrikt til sakkyndig. Etter å ha tala med alle partane i konflikten, konkluderte ho rett før jul slik:

«Leif (har) ikke blitt fällt för någon av misstankarna, men det föreligger trods det en risk, enligt undertecknads bedömning.»

Så innstiller ho på at Tina får åleineomsorga for Anders.

I FEBRUAR TRAKK Leif seg frå vidare rettssak. Han orka ikkje meir og aksepterte i eit forlik at Tina får åleineomsorga. Sjølv om han er blankt frifunne av rettsvesen og politi, godt støtta av fleire sakkyndige og ein lögndetektortest, fryktar han at han aldri heilt vil kunne reinvaske seg for mistankane om overgrep:

- Du tenkjer i alle fall det sjølv: Er det nokon som sit att med tankar som at «i denne historia høyrest det ut som om ingenting har skjedd, men kva veit vi?» Og det er ei så ufattelig ekkel kjensle at du nesten ikkje kan tru det. Eg ville mykje heller blitt skulda for drap, eller massemord for den saks skuld, enn noko som dette.

Sjølv om den verste angst har gjeve seg, tenkjer Leif framleis på dette når han kjem i situasjonar der det er barn.

- Ja, det er det som plagar meg mest. Eg hadde ein periode tidlegare ... du veit, barn kan jo vere veldig morosame, eller det kan vere andre situasjonar du kjenner deg att i, der du kan smile gjenkjennande til foreldra, til dømes på butikken. Men då blei det sånn, seier han og legg handflatene på sidan av augene. Skylappar. Ingen blikk. Berre å gå der ifrå.

hans.mjelva@bt.no

>>>



GAV OPP: Trass i at Leif vart blankt frikjent for skuldingane om overgrep, heldt mora og hennar advokat fram med å bruke påstandane mot Leif i kampen for å få omsorgsretten for sonen. I februar i år gav Leif opp, og inngjekk forlik som g

Betre etterforskning best for alle

Opplæring av dommarar og profesjonell etterforskning er den beste måten å auke rettstryggleiken på, både for mistenkte foreldre og barn som er utsette for overgrep.

Det seier nestleiar i Barneombodet, Knut Haanes.

- Vi veit at det skjer overgrep mot barn, og vi veit at bevisterskelen for å få nokon dømt for overgrep mot barn, er veldig høg. Difor veit vi at det er store mørke-

tal, men det betyr sjølv sagt ikkje at det ikkje kan finnast falske påstandar, seier nestleiar Knut Haanes i Barneombodet.

Han meiner det viktigaste for å finne ut av kva som verkeleg har skjedd i slike saker, er meir kompetente dommarar, og betre etterforskning. Eit viktig steg på den vegen har vore regjeringas opprettning av det såkalla Barnehuset. Det finst i dag sju slike hus, mellom anna eitt i Bergen. Her kan barn og unge som er mistenkt utsett for overgrep bli undersøkt av legar, tannlegar, psykologar og andre fagfolk, og det er òg lagt til

rette for at spesialtrente politifolk kan foreta avhør av barna (dommaravhør).

- Alt dette er gjort for at barn skal sleppe å reise frå kontor til kontor, men få ein trygg og roleg situasjon der dei kan få fagleg hjelp, seier Haanes.

Dommarstanden har fått mykje kritikk for manglende kompetanse i slike saker opp gjennom åra, og enkelte har teke til orde for eigne spesialdomstolar, slik ein har i fleire andre land.

- Det er litt for tidleg å seie noko om vi vil gå inn for det, men i alle høve meiner vi at ein treng ei solid kom-



jev mora eineomsorga for Anders.

petanseheving hjå dommarane i slike saker, og det trur eg domstoladministrasjonen er samd i, seier han.

I fleire barnefordelingssaker i Noreg har barnevernet vedtatt akuttplassering av barn, etter at ein domstol har vedteke at barn skal bu med ein av foreldra. For foreldre kan dette opplevast som ein overprøving av ein dom, men Haanes meiner det er naudsynt viss ungen viser frykt for den han skal bu hjå - sjølv om frykta er skapt på falskt grunnlag av den andre forelderen.

- Vi skal ta barnet sin redsel på alvor og lytte med

ope sinn til kva det seier. Når barn gjev tydeleg uttrykk for at det er livredd for å kome til ein av partane, må barnets redsel bli tatt på alvor, seier han.

- Er det noko galt med måten barnefordelingssaker blir handterte på når vi ser kor stygge skuldninga for eldre kan kome med mot kvarandre for å vinne saka?

- Eg trur ikkje det er gunstig for nokon at barnefordelingssaker kjem for retten, for der slåst ein gjerne ved å diskreditere den andre parten mest mogleg. Og det legg ikkje akkurat grunnlaget for eit godt forhold til barnet etterpå. Det vil skape arr, og det blir sitjande på barnet.

Psykolog: Hald hovudet klårt

Barn kan fortelje om ting som ikkje har skjedd, og barn som er utsette for overgrep, kan risikere å ikkje bli trudd.

SPØRSMÅLET OM BARN som vitne i overgrepssaker er eit minefelt. I 1993 vart sju vaksne personar arrestert og sikta for overgrep på i alt 36 barnehagebarn i Bjugn i Sør-Trøndelag. Ein periode var 30 vaksne i den vesle tettstaden under etterforsking. Alle vart til slutt frikjente.

Bjugn-saka førte til ein omfattande kritikk av sakkyndige i overgrepssaker her i landet, og var medverkande til at Noreg i dag spesialutdannar politifolk for å gjere avhør av barn i slike saker.

Etter rettssakene var folket i Bjugn delt mellom dei som trudde på barna og dei som trudde på dei vaksne. Framleis er fleire av «Bjugn-barna» overtydde om at overgropa var reelle, og slit med etterverknadene.

Men sjølv om minna står fram som verkelege, sjølv i voksen alder, treng dei ikkje å vere det, seier landets fremste vitnepsykolog, professor i kognitiv psykologi Svein Magnussen ved Universitetet i Oslo.

- Her gjeld det å ha hovudet klårt, seier Magnussen.

- For barn som får falske minne er det ingenting som skil eit slikt psykologisk minne frå eit veletablert reelt minne, seier han.

- Korleis kan slike falske minne bli skapt?

- Det kan skje på mange måtar. Vaksne kan introdusere temaet og spørje på ein måte slik at dei går ut frå at noko har skjedd. Dei kan også påverke barna ved at dei signaliserer kva svar som er akseptable og ikkje, til dømes med positiv tilbakemelding når dei seier noko den vaksne vil høyre. Dessutan er folk stort sett ikkje klar over i kva grad spørsmål som blir gjentatt over tid er i stand til å styre kva barn seier, seier han.

MED BAKGRUNN i Bjugn-saka og liknande saker i Europa og USA på 1980- og 1990-talet er det blitt forska mykje på korleis ein bør intervju barn for å få fram det som verkeleg er skjedd. Eit hovudgrep er å stille opne spørsmål, og så eventuelt nærme seg temaet viss dei opne spørsmåla ikkje fører fram.

- Forskinga viser at barn på opne spørsmål stort sett svarar korrekt, medan eit lukka spørsmål, der temaet er gjeve, kan lettare kome på avvege, seier han.

Magnussen har offentleg sagt at han ikkje trur det skjedde overgrep i det heile i Bjugn-saka, og at minna Bjugn-barna har, er falske. Det har sjølv sagt provosert dei som trur på barna.

- Overgrep på barn er så kjenslevart at uansett kor mykje forsking du legg fram, så er det dei som reagerer negativt og meiner du er på parti med overgripipane. Det er det sjølv sagt ingen som ønskjer, men ein må ha hovudet klårt som forskar, seier han.